

Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
030/19	Kommunestyret	PS	20.06.2019

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Ketil Tjore	FE-033	19/431

Godkjenning av møteprotokoll

Vedlegg

Protokoll - Kommunestyret - 23.05.2019 med presentasjon og framlegg

Framlegg til vedtak:

Møteprotokoll frå forrige møte vert godkjent

Kommunestyret - 030/19 - 20.06.2019

KS - behandling:

Liv Ulvøy (Uavhengig) spurte om vedtaket for medlemmer i aksjonskomiteen for TV-aksjonen, og spurte korleis det vart no som medlem Helge Dyrkolbotn har slutta som tilsett i kommunen.

Konstituert rådmann Olav Mongstad svara at det er presisert i slutten av vedtaket at rådmannen har mynde til å supplera og finna nye medlemmer.

Anne Dahle Austrheim (KrF) ba om at protokolltilførselen som var vist under handsaminga av sak 029/19, vart lagt ved møteprotokollen for kommunestyret 11. april. Det fekk støtte av eit samla kommunestyre.

Handsaming i kommunestyret:

Møteprotokoll vart samrøystes godkjent, med denne merknaden til protokollen for møtet 11. april:

«Kommuneplanen sin arealdel 2019-2029, plan-id 2013001, vart handsama i formannskapet 21. mars 2019 og i kommunestyret 11. april 2019.

I begge møta var det ulike framlegg til vedtak, der forskjellen gjekk på arealstatusen for Øksnesmarka.

Det ein må merka seg er at begge vedtaksframlegga, både det som fekk fleirtal og mindretalet, startar med lik tekst der det heiter at ein «godkjenner kommuneplanen sin arealdel 2019-2029, plan-

id 2013001».

Dermed er det slik at alle i kommunestyret, både fleirtalet og mindretalet, har fått røysta ja til kommuneplanen sin arealdel 2019-2029, sjølv om ein ikkje stykka opp vedtaket og tok avrøystinga del for del i kommunestyret.»

KS - vedtak:

Møteprotokoll vart samrøystes godkjent, med denne merknaden til protokollen for møtet 11. april:

«Kommuneplanen sin arealdel 2019-2029, plan-id 2013001, vart handsama i formannskapet 21. mars 2019 og i kommunestyret 11. april 2019.

I begge møta var det ulike framlegg til vedtak, der forskjellen gjekk på arealstatusen for Øksnesmarka.

Det ein må merka seg er at begge vedtaksframlegga, både det som fekk fleirtal og mindretalet, startar med lik tekst der det heiter at ein «godkjenner kommuneplanen sin arealdel 2019-2029, plan-id 2013001».

Dermed er det slik at alle i kommunestyret, både fleirtalet og mindretalet, har fått røysta ja til kommuneplanen sin arealdel 2019-2029, sjølv om ein ikkje stykka opp vedtaket og tok avrøystinga del for del i kommunestyret.»

Saksopplysninger: